

Frekhaug 23.9.2014

Uttale :

Premiss:Kultur

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Nordhordlandsbiblioteka ønskjer å komme med følgjande innspel til kulturplanen:

Tema bibliotek:

Bibliotek og kulturløft:

I planen står det: ***Når det gjeld bibliotek er det eit mål i kulturplanen at det skal vere tilgang til bibliotek i rimeleg nærleik; i regionsenter, kommunesenter (bydelssenter i Bergen) og nærsenter.***

Det er viktig at bibliotektilbodet er mangfaldig og ivaretek lovpålagde oppgåver. Biblioteka i Nordhordland viser til Enger-utvalet sitt framlegg om å få i stand eit lokalt kulturløft for å styrkje den lokale grunnmuren. Utvalet slær fast at biblioteka har tapt økonomisk terreng og meiner at øyremerking av statlege midlar må vurderast. I påvente av ei mogleg statleg øyremerking gjer vi framlegg om at fylkeskommunen tek initiativet til eit regionalt kulturløft i Hordaland. Dette for å sikre at grunnmuren er sterk nok til å gjennomføre alle dei naudsynte og viktige oppgåvene som er skisserte i kulturplanen.

Lesedugleik:

Lesedugleik er like viktig for alle i fylket, og små og store bibliotek har ei viktig rolle for å fremme **leselyst** blant barn og unge. Biblioteka i Nordhordland har allereie samarbeid med skulane, men her er det mykje meir som kan gjerast og vi viser til innsatsområde 31 tiltak C koordinere leseprogram- og kampanjar i grunn- og vidaregåande skule, der vi vil gjerne vere ein partnar.

Møteplass:

Biblioteka har gjennom ny biblioteklov fått i oppdrag å vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt. Det skal utviklast modellbibliotek i alle regionane, Meland og Lindås bibliotek er allereie i gang med å bli eit modellbibliotek i regionen. Ulike løysingar kan gje inspirasjon til andre bibliotek i arbeidet med å nå ut til nye brukargrupper. Biblioteka skal utvikle nye tilbod i dialog med brukarane seier planen. Gjennom digitalisering og bruk av e-ressursar vil lånarane lettare få tilgang til biblioteket sine tenester. Som vist til i punktet over samarbeider biblioteka i dag med skulane for å styrkje lesedugleiken, dette må vidareutviklast og biblioteka kan bidra gjennom formidling både i det fysiske rommet og digitalt.

Strategiske innsatsområde:

Dei strategiske innsatsområda i planen er formidling, marknadsføring, digital kompetanse og endringsleiing/endringskompetanse. Biblioteka bør ligge i forkant på desse områda, tiltak 33 B. *Drive aktiv kunnskaps- og litteraturformidling av høg kvalitet i det fysiske og digitale bibliotekrommet* er avgjerande for at biblioteka skal vere ein interessant stad å oppsøkje. Det er viktig at den strategiske tenkinga omkring biblioteka si framtidige utvikling er heilskapleg og vert gjort i samarbeid med kommunane slik at alle kommunar få ta del i utviklinga. Vi ønskjer at bibliotekfylket Hordaland skal blir til inspirasjon for heile landet og at tenestene til innbyggjarane skal ha høg kvalitet!

I tillegg til tiltaka vi har nemnd ovanfor meiner vi følgjande punkt er viktige for å utvikle gode bibliotek og bibliotektenester:

- Etablere regionale "litteraturhus" og utvikle dei med høg kvalitet
- Spreie kunnskap om ulike modellar for drift av skulebibliotek
- Legge til rette for digital deltaking
- Vidareutvikle felles biblioteknettstader som samlingspunkt for litteraturformidling, kunnskapsbasar og kommunikasjon

Vi ønskjer lukke til vidare med arbeidet med planen og ser fram til nye og spennande samarbeid i åra som kjem.

For biblioteksjefane i Nordhordland

Bente Bing Kleiva

Kari Utkilen
(s)

Else Færøy
(s)

Marit Gro Berge
(s)

Kjellaug Strand
(s)

Inga Jorunn Nåmdal
(s)

Bente Dammen
(s)

Anne Elisabeth Waage
(s)